Sony DADC

Visit our template library
b2bglobal.sonydadc.com

Audio Digipak 6pp 1 Tray on center panel

Code: ADP06001

300 gsm cardboard

Scale 1:1

- - - - - Bleed (min. 3mm)
- - - - - Design Area (Logos and text have to be placed at least 3mm inside of cutting line.)
——— Cutting line ——— Folding line



Attention: please ensure the Filecode is added and clearly visible on your HiRes PDF (outside of print area). Alternatively you can upload the template PDF as part of your package.

«Slåtter til sluskeball, brudlaup og finfine selskap»

Det har gått over 20 år sidan slåt Sør-Fron spelmannslag gav ut plate. Sidan den gongen har det runne mykje vatn i Gudbrandsdalslågen. Vi meiner det er viktig å dokumentere og likje minst presentere noko av repertoaret vårt frå det slåte to tiåra gjennom ein albumproduksjon. Av og til er det nødvendig å stoppe opp og sjå seg attende før ein ser framover. Vi er heldige og har tilgang på eit rikt slåttematerialo. Dette kan vi takke dei mange dyktige kjeldene våre for, som har forma og vidareført musikken gjennom generasjonar.

Laget har vore heldige og fått spelt på mange ulikе scener opp gjennom åra. Frå Ruste Bygdahus og Øvertun Grendahus til Universitets Aula og Den Norske Opera. Uansett kor ein spelar og kven ein spelar for, er det viktig å ha gode slåtter og likje mints slåtter som fengjer publikum. Tittelen på albumet er ei lettere omskrivning av ei skildring Ola Rønningen hadde av sambygdingen og storspelemannen Jon Stulen. Vi synest at tittelen er treffande for musikken vår, og for slåttane som vi presenterer på denne plata.

God fornøyelse!

Sør-Fron spelmannslag

Galopp etter Erik Bjørke
Denne galoppen er ein leik laget har gjort stor lykke med. Spelmannslaget vann Landsfestivalen med denne i 2018 og vi framførte han under folkemusikkens mesterkonsert i Den Norske Opera den same hausten.

Firetur etter Jehans Slåstugun
Johans Slåstugun (1839-d. i USA) var felespelmann frå Vinstradalen i Nord-Fron. Johans er rekna som ein av dei beste spelmennene som har vore i Fronsbygdene.

Reinlender etter Jon Stula
Ein gad, men kreyjande reinlender som laget har brukt i mange år.

Masurka etter Sigmund Hernæs
Sigmund Hernæs (1905-1993) spelte feie og var ei driykraft innan musikklivet i Skåbu.

Galopp etter Ola Rønningen
Ola Rønningen (1899-1997) er den som har vidareført fiest lekker etter Even Nordlistugun (1876- 1955) - derfiblant denne galoppen. Even Nordlistugun var felespelar frå Sør-Fron og har vore ei viktig slåttekjelde.

«På gamel-gjerda» - vals
Vals av Ola Rønningen. Ola var felespelmann og han var både ei stor tradisjonskjelde og komponist. Han brukte både «På gamel-gjerda» og «Ørjginalen» som namn på leiken, men «På gamel-gjerda» avspeglar betre den eldre valserytme og bogestrøka som er brukt her.

Reinlender av Ole Lien
Ole Lien (1855-1940) var frå Ringebu. Han var organist, korpsdirigent og felespelmann. Ole var meir teoretikar enn spelmann, men han var mykje brukt som arrangør og spelmann på komp-instrument.

Masurka etter Jon Stula
Jon Stula (1869-1927) var felespelmann frå Ringebu og var mykje brukt som dansespelmann. Ola Rønningen skriv: «han spelte på alle slags samkomor, heilt frå sluskeball i anleggstida, i brudlaup på store bondegardar, til finfine selskap i embetsmannshelmar.»

«Per Sletten» - vals
Per Sletten var frå Kvam i Nord-Fron - han var felespelmann og livde på 17-1800-talet. Per vart rekna som ein svært god spelmann i si samtid.

«Gammel-Nermoen» - hamburger
Hamburger etter Ola Rønningen, Ringebu. Ola hadde lekken etter farbroren sin - Ole Olsen Nermoen (1870-1966). Ringebu, som lét lekken på elt-radera trekkspel. Ole var bestefar til mangeårig trekkspelar og musikklærk stattespelar i Sør-Fron spelemannslag - Ivar Nermoen (1946-2014) - derav namnet på leiken.

Masurka etter Asbjørn Stensrud d.e.
Asbjørn (1915-2002) var trekkspelar og denne leiken hørde han Mass Skurdal (1904-1978) lét til dans i 1920-åra på forsamlingslokale på Harpefoss. Mass var trekkspelar frå Sør-Fron.

Reinlender etter Erik Bjørke
Ein leik som har vore brukt av mange spelmenn i Fronsbygdene. Erik har forma ein versjon slik han kjente den.

Eg kom i kontakt med juniorlaget til Sør-Fron og Erik Bjørke då eg studerte på landslina i folkemusikk på Vinstra vidaregåande skule i åra 2000-2003. Etter dette byrja eg også å arrangere leikar for seniorlaget. Dette har eg halde fram med heilt fram til i dag, noko som har vore eit givande arbeid. Det har gått føre seg i tett dialog med Erik, som har gjeve meg stor musikalsk fridom, men som også har sett ned foten dersom det ikkje har fungert. Denne innspelinga inneheld for ein stor del leikar eg har fått høve til å arrangere, og som laget har spelt dei siste åra. Arrangementa, spesielt i andrestemmene, kan stundom vera krevjande å spela, men det meistrar Sør-Fron spelmannslag til det fulle.

Spelmannslaget spelar kraftfullt, friskt og med god danseappell. På same tid er det uhyre presist samspel og rein feleklang. Trekkspela musiserer lydhøyrt og fyller ut med akkordar og spennande motstemmer, der det høver seg. Kompet er stødig som fjell, og varierer med erstatningsakkordar og bassgangar. Musikken er lokalt forankra, og slik fungerer laget som ein levande formidlar og forvaltar av tradisjonsmusikken- og historia frå heile Midtdalen. Ola Kjorstad leiar laget med stø hand og klare meldingar, og evnar å hente ut det beste av alle som er med. Når Sør-Fron spelmannslag opptrer, står spelegleda og formidlinga i sentrum. Øyra spissar seg og det kriblar i dansefoten.

Andreas Bjørkås, mai 2022

1. GALOPP ETTER ERIK BJØRKE
2. FIRETUR ETTER JEHANS SLÅSTUGUN
3. REINLENDER ETTER JON STULA
4. MASURKA ETTER SIGMUND HERNÆS
5. GALOPP ETTER OLA RØNNINGEN
6. «PÅ GAMEL-GJERDA», VALS
7. REINLENDER AV OLE LIEN
8. MASURKA ETTER JON STULA
9. «PER SLETTEN», VALS
10. «GAMMEL-NERMOEN», HAMBURGER
11. MASURKA ETTER ASBJØRN STENSRUD D.E.
12. REINLENDER ETTER ERIK BJØRKE

Spelt inn i låven på Rudi den 26. mars 2022
Innspelingsteknikar: Audun Strype
Produsent: Andreas Bjørkås
Miksa og mastra i Strype Audio av Audun Strype
Tekst om leikane: Erik Bjørke og Rasmus Kjorstad
Foto: Arne Hernæs
Grafisk utforming: Egil Kalman og Hans Kjorstad

Slåttekjelde i særklasse: Erik Bjørke

I CD-nemnda: Eivind Kjorstad, Hans Kjorstad og Åse Østeraas

Takk til Sør-Fron kommune, Nord-Fron kommune, Gudbrandsdal Energi Holding AS og Norsk senter for folkemusikk og folkedans for økonomisk støtte

Sør-Fron spelmannslag er:

Feler: Anne-Grethe Holen, Asbjørn Stensrud, Cecilie Haverstad, Eivind Kjorstad, Eline Holsbrekken Skar, Erik Bjørke, Guro Kjorstad, Hans Kjorstad, Ingunn Bø, Iver Grytting, Jorunn Alme, Ola Kjorstad (musikalsk leiar), Ragnhild Ulberg, Rasmus Kjorstad, Synne Haverstadløkken Moen, Torkild Rudi Ovrum, William Kjersem Rustad og Åse Østeraas.
Trekkspel: Even Røhjell, Helge Ovrum og Ragnhild Stensrud
Komp: Kåre Vennevik (gitar) og Ole Morten Blankenborg (kontrabass)

ta:lik TA235, 2022

7 090010 522800

SØR-FRON SPELMANNSLAG *slåtter til sluskeball, brudlaup og finfine selskap* TA235

SØR-FRON SPELMANNSLAG

slåtter til sluskeball, brudlaup og finfine selskap

SONY Global Information Security Policy

Public

Page 1/1

Version	Date	Details of change	Issued by	Approved by
001	January 2012	First edition	Graphicstudio	PSP